

NORGES KOMMUNISTISKE STUDENTFORBUND



FORBEREDELSESMATERIALE TIL
NKS' 4. LANDSMØTE 1982. 2. DEL.

- OPPLEGG TIL LAGSDISKUSJONER OM BERETNINGSFORSLAG OG HANDLINGSPROGRAM.
- FORSLAG TIL REVIDERING OG TILLEGG TIL HANDLINGSPROGRAMMET.

XX

INNLEIING

Dette heftet er den andre delen av førebuingmateriale til diskusjonane framfor NKS 4. landsmøte.

Dette heftet inneheld endringar av handlingsprogrammet til NKS som vart vedtatt på NKS førre landsmøte. Sentralstyret har konsentrert seg om å foreta endringar i kapitlet om "Utdannings- og forskningspolitikk". I tillegg kjem eit nyskrive avsnitt om imperialisme og internasjonalt arbeid.

Først i heftet kjem retningslinjer for innrettinga på lagsdiskusjonane om beretning og handlingsprogram.

SENTRALSTYRETS ARBEIDSUTVAL.

TIL LAGSDISKUSJONEN OM BERETNINGA OG HANDLINGSPROGRAMMET

til behandlinga av beretninga:

1) Alle lag må ta stilling til, og stemme over. om laget kan godta heilskapen i beretninga. Alle må gjere seg opp ei meining om denne beretninga i hovudsak kan godkjennast, eller om ein er så grunnleggande usamd i dei viktigaste politiske analysane at ein ikkje vil kunne godkjenne heilskapen. Dette betyr sjølsagt ikkje at ein må gå god for alle påstandane i beretninga.

2. Sentralstyret foreslår at hovuddiskusjonen i laga konsentrerer seg om å diskutere beeretninga sine påstandar om at eit heilt sentralt problem i NKS i dag er høgrefeil i synet på den kommunistiske organisasjonen og kommunistane si særegne rolle. Dette viser seg ved at vervinga stansar opp, at NKS derfor blir stadig mindre, at NKS i liten grad er innretta på utadventt, eksternt kommunistisk arbeid, at NKS i alt for liten grad evnar å utnytte vår leiarrolle i interessekampen til å utvikle dei uorganiserte aktivistane til å bli medlemmer av NKS. Kva meiner laget om dette? Er laget samd i at dette er eit heilt sentralt problem i NKS i dag? Er laget samd i den analysa som beretninga har av desse feila? Ta gjerne utgangspunkt i situasjonen i dykkar eige lag.

Til denne lagsdiskusjonen vil vi oppmode alle om å lese kapittel 2 i Lenin si bok "Hva må gjøres".

til behandlinga av handlingsprogrammet:

Her oppmodar vi laga om særleg å konsentrere diskusjonen om avsnittet om utdannings- og forskningspolitikk. Er laget samd i den analysa som blir lagt fram her? Diskusjonen bør vere innretta på forsøke å utvikle analysene vidare.

DET SKAL SKRIVAST RAPPORTAR FRÅ ALLE LAGSDISKUSJONANE OM BERETNINGA OG HANDLINGSPROGRAMMET. RAPPORTEN BØR VERE KORT. MEN MÅ INNEHALDE 1) Avstemningsresult om heilskapen i beretninga. 2) Dei viktigaste uenighetene og forslag til endringar til beretning og handlingsprogram.

DEN STATLEGE POLITIKKEN OVERFOR HØGARE UTDANNING FRAMFOR 80-ÅRA.

(innleiing til kapitlet om "Utdannings- og forskningspolitikk").

Den sterke generelle satsinga på vidaregåande og høgare utdanning i 50- og særleg 60-åra - den er blitt kalla "utdanningsekspløsjonen" - hadde sin bakgrunn i følgende forhold:

- kapitalens behov for kvalifisert arbeidskraft. Dette var eit behov som førte til at utgiftene til utdanning vaks raskare enn totaløkonomiens vekstrate. Oppfatninga om mennesket som "kapital" (innsatt på utdanning som en investering på linje med investering i f.eks. industri. I følge teorien skulle dette gi $\frac{1}{2}$ avkastning både for individet og "samfunnet").
- oppfatninga av utdanning som ei "ingongsinvestering". Borgarskapets ideologar meinte at dersom det skulle oppstå "læringsbehov" seinare i livet så ville ikkje dette få avgjerande betydning for det offentlege utdanningssystemet. Det var først i 70-åra at ein byrja for alvor å snakke om "livslang læring". Medan veksten i antall elevar på gymnas og universitetsnivå var eksponensiell i 50- og 60-åra, så vart veksten i antall elevar, ressursinnsats og antall kurs innafor vaksenopplæring eksponensiell i 70-åra.
- ideologien om "utdanning til utjamning og likskap". Utdanning vart ikkje berre sett på som ei investering i økonomisk vekst, men også som ei investering i politisk og ideologisk legitimitet for sosialdemokratiet og det bestående politiske systemet.

Dette betydde at ein sette i verk ei generell investering i utdanning. Det eit faktum at ekspansjonen innafor ein del område i ganske stor grad vart bestemt utifrå etterspørselen, dvs. kva studentane sjøl ville studere. Dette gjaldt f.eks. i særleg grad vaksenopplæringa i 70-åra. I ein periode var det mulig å få offentleg stønad til svært ulike typer utdanning, også utdanning som i liten grad kunne seiast å vere på nokon måte produktiv for kapitalen.

Allereide i 60-åra byrja ein å forstå at den generelle investeringslinja overfor utdanning i liten grad tilfredstilte borgarskapet og kapitalens behov. Ein miste etterkvart trua på teorien om "mennesket som kapital" og det vart etterkvart klart at utdanningsekspløsjonen slett ikkje verka utjamnande,

tvertimot såg det ut til at klaseskilla i utdanningssystemet berre vart endå meir utdjupa. Verken økonomiske eller politiske og ideologiske argument var lenger haldbare for å opprethalde veksten i utdanning. Ein oppdaga også at sjølve utdanningstrukturen for høgare utdanning var lite tilpassa eit næringsliv som måtte rekne med stadig sterkare behov for omstilling, mobilitet i både geografisk og yrkesmessig forstand. Allerede Steenkomiteen i frå 1965 peiker på dette. Ideane om "livslang læring", "lære å lære", ". "pendling mellom utdanning og arbeid" skriv seg ikkje frå 80-åra sine stortingsmeldingar, men frå utgreiingar frå første halvdel av 60-talet. Det som skjer innafør høgare utdanning i dag er derfor heller ikkje noko nytt, men er berre ei vidareføring og styrking av utviklingstendensar som har eksistert i nesten 15 år. Målsettinga er å rasjonalisere den høgare utdanninga slik at den blir tilpassa eit næringsliv som er i stadig endring.

IMPERIALISME OG UTDANNING.

Mange vil spørre seg kvifor vi får ei slik skjerpning av politikken overfor den høgare utdanninga ved inngangen til 80-åra. Det er eit faktum at sjøl om det vart retta ei rekke åtak frå borgarskapet mot utdanninga i 70-åra så var det likevel i gjennomsnitt ei klar auke i løyvingane til utdanning i desse åra. Ved inngangen til 80-åra opplever vi for første gong betydelige hedskjæringar. Desse nedskjæringane i løyvingane overfor høgare utdanning er blitt førebudd gjennom at utdanningsfinansieringsordningane er blitt gradvis uthula. Dette betyr at stadig fleire studentar simpelthen ikkje har råd til å vere studentar i det tradisjonelle universitetssystemet. Vi er inne i ei utvikling som klart peikar i retning av ein heilt ny utdanningsstruktur der sjølffinansiering, bedriftsfinansiering og bedriftsorganisering kjem til å prege bildet i stadig sterkare grad. Det offentlege utdanningssystem vil oppleve ei gradvis omstrukturering for å tilpasse seg kapitalens meir kortsiktige behov og staten vil prioritere enkelte korte yrkesretta utdanningar på bekostning av andre utdanningstyper.

Årsakene til denne utviklinga er fleire:

- veksten i dei uroduktive delane av den offentlege sektoren blir opplevd som eit hovudproblem av borgarskapet .For både Høgre og DNA vil det vere ei overordna målsetting utover i 80-åra - uansett høg eller lavkonjunktur i økonomien - å skjere ned på dei offentlege utgiftene.Utviklinga av statskapitalismen er sterk og fører til at motseiinga mellom den samfunnsmessige produksjonen og den private tilegninga blir stadig meir skjerpa. Ein del økonomar har rekna ut at dersom veksten i det offentlege forbruket frå etterkrigstida skal halde fram , vil in før 1995 oppleve den - for kapitalismen- bisarre situasjonen at de offentlige inntektene blir identiske med bruttonasjonalproduktet.(NOU 1980:33 s.75).

- den generelle krise i økonomien.Dette fører til at arbeidet for å skjere ned på det offentlege forbruket blir intensivert, at utdanningspolitikken blir kortsiktig og bestemt utifrå kapitalens kortsiktige behov,at"profitable"utdanningar blir prioritert på bekostning av uprofitable, at forsøka på omstrukturering og rasjonalisering av det føydale universitetssystemet blir intensivert, at ikkje minst forskning og forskningsorganisering blir meir og meir "markedsorientert".

-den særegne organiseringa av den norske kapitalistiske økonomien.Det er eit faktum at heller ikkje dei meir teknologisk orienterte faga kjem unna spareøksa til staten.Sjøl NTH som netttopp er innretta på å tilfredsstille kapitalens behov for marknadsorienterte kvalifikasjonar har ingen auke i løyvingane: det vart utdanna færre siv.ing. ved NTH i 1980 enn i 1970, altså før "oljealderen".Verst går det likevel utover(av dei "matnyttige" faga) anvendt forskning og grunnforskning ved dei naturvitskaplege faga på universiteta.Bakgrunnenn for denne utviklinga er ikkje minst at det norske borgarskapet har tatt mål av seg til å bli leiande imperialistar.Dette skal gjerast ved utstrakt kapitaleksport og innretting på strukturendringar i den norske økonomien som entydig vil gå utover heimeindustrien.Det norske borgarskapet er slett ikkje interessert i å bygge opp ein nasjonal,kunnskapsbasert, høgteknologisk industri slik ein del andre vestlege land er i ferd med å gjere(f.eks., Frankrike).Norge si rolle skal bli å drive tradisjonell imperi-

alistisk~~e~~ ver. ksemd, samstundes som den øvrige eksporten i stadig større grad vil bestå av råvarer og halvfabrikata. Dette betyr at samtidig som Norge vil forsøke på nokre område å "spise kirsebær med dei store" så vil dei på andre og vel så viktige område bli stadig sterkare integrert i verdenskøkonomien og i stadig sterkare grad underlagt dei imperialistiske stormaktene. Dette betyr sjølsagt at heimindustrien vil vere ille ute. Det norske borgarskapet har i uttallige utgreiingar sagt at dei skal og må prioritere grunnforskning og "strategisk planlegging". Dei har også slått fast at kapasiteten i høgare teknisk utdanning må aukast kraftig. Høgre gjekk til val på lovnader om ei opprusting av universitet og forskning. Det er det stikk motsatte som er den praktiske politikken. Dette er ikkje uttrykk for husmannsånd eller at nisselua til Ola Nordmann er falle ned i augo: det er uttrykk for ei industripolitisk linje for der dei kortsiktige profittane er absolutt overordna og der andre målsettingar har liten eller ingen betydning. Staten vil gjerne overlate til dei store oljeselskapa å finansiere både forskning og utdanning. Dette er også no i ferd med å skje: næringslivet (dvs. i praksis dei store oljeselskapa) har oppretta ei eiga stiftelse for å finansiere utdanning av siv. ing. i utlandet. Samstundes har oljeselskapa forplikta seg til å investere ein milliard i norsk industriell forskning fram til 1985. Dette har skjedd i samband med tildeling av konsesjonar på den norske kontinental-sokkelen. Dette vil vere forskning som er direkte knytta til å løyse industriens kortsiktige problemer. Til samanlikning kan det nemnast at det i 1979 vart løyva 230 mill. totalt til humaniora og samfunnsvitensskap.

LIVSLANG LÆRING ELLER LIVSLANG FORDUMMING.

For å kunne legge forholda til rette for ei effektiv rasjonalisering av høgare utdanning har styresmaktene dei siste åra intensivert den ideologiske propagaandaen. Sentralt her står slagordt om "livslang læring" som i realiteten ikkje er eit framstøyt

for å fremje kunnskapsnivået, men det motsette: det er innebygde mekanisamar i utdanningssystemet som ikkje er tilpassa eit samfunn der borgarskapet er meir interessert i folk som er innretta på "å lære å lære" i staden for å tilegnne seg systematiske kunnskap. Denne propagandaen viser fram for alt at målet med den statlege utdanningspolitikken ikkje er å utdanne med utgangspunkt i arbeidarklassens og folkets behov for kunnskap for betre å kunne innvirke på sin eigen situasjon, men å utdanne folk til villige robotar som først og fremst er kvalifisert til stadig å kunne skifte jobb og er geografisk mobil. Det er typisk for den borgarlege utdanningspolitikken at dei med stadig større iver sprer idear av denne typen: "I eit raskt foranderlig samfunn er faste kunnskaper mindre nødvendig enn i et statisk samfunn". Dette er idear som vil bli spreidd med auka styrke ettersom den teknologiske utviklinga vil føre til svære endringar i nærings- og jobbstruktur. Mot dette må ein sjølsagt seie at nettopp i eit raskt foranderlig samfunn er faste kunnskaper stadig viktigare for arbeidarklassen og folket dersom ein er interessert å legge vekt på at arbeidaren si oppgåve ikkje minst er å vinne innsikt i samfunnet for å kunne endre dette..

I 80-åra vil klassekampen om utdanninga måtte bli ført på ei rekke område. Kommunistane må stille seg i spissen både for den økonomiske kampen for å hindre rasering av ~~det~~ offentleg utdanningssystem, og også stille seg i spissen for den ideologiske kampen for å styrke kunnskapsnivået og kjempe mot reaksjonære idear i utdanninga.

KAMPEN MOT NEDSKJÆRINGSPOLITIKKEN.

Det viktigaste særtrekket ved den statlege utdanningspolitikken overfor universitet og høgskular er ulike forsøk på nedskjæring på utgiftene til utdanning.

Sjøl om utviklinga i denne retninga har vore merkbar i fleire år, har åtaka vorte intensivert dei siste åra. Førebels markerer nedskjæringane i året 1982 det alvorlegaste lærestadene har opplevd nokon gong. Sjøl studium og fagretningar som kapitalen meiner er profitabel vert utsette for nedskjæringar. Dei ny oppretta Teknologisk Orienterte Studia er planlagt for å tilfredsstille bl.a. oljeindustriens auka behov for høgare kvalifisert teknisk arbeidskraft, men det er forutsatt at desse skal finansierast innafor dei eksisterande budsjetttrammene.

NKS meiner at kampen mot nedskjæringane på universitet og høgskular og mot rasering av studetøkonomien no er den overordna oppgåva i studentkampen.

Nedskjæringane vil i særleg grad ramme dei sidene ved utdanninga som kan utvikle kritiske og kunnskapsrike studentar:

- undervisningsopplegg som grupper og timelærerundervisning vert ramma særleg hardt.
- det faghege og sosiale miljøet vert ytterlegare svekka.
- studentleida undervisning får ingen midlar.

Utdanningsekspljosjonen i 1960 og 1970-åra resulterte i ei almenn oppfatning om at utdanning er "samfunnet" sitt ansvar, fordi samfunnet (både kapitalen og arbeidarklassen) hadde behov for høgare utdanningsnivå. I dag, med framleis aukande tilgang og etterspørsel etter utdanning, kjem Høgre og DNA med det eine argumentet etter det andre for å grungje at utdanninga er kvar einiskild sitt ansvar. Borgarskapet er interessert i ei stadig høgare grad av "sjølffinansiering" av utdanning. Denne utviklinga vert styrka ved at studentane av økonomiske årsaker vert tvungne til deltidsarbeid.

Studentane sin kamp mot nedskjæringane er defensiv. Vi må sette som målsetting å gjere nedskjæringane minst mulig og gjere det vonskelegast mulig å sette dei i verk.

NKS må gå i spissen for ein breiast mulig front mot nedskjæringane. Vi må legge vekt på å utvikle alliansar med så mange grupper som mulig på universitet og høgskular. I dette arbeidet må vi vere på vakt mot sekterisme. Det er ingen tvil om at misnøya mot den statlege politikken er sterk og veksande frå topp til botn i universitets- og høgskulehierarkeit. Sjøl reaksjonane professorar er våre potensielle allierte i denne kampen.

Vi vå vere på vakt mot ulike linjer som berre vil bidra til å splitte fronten og føre kampen på avvegar. Ei slik linje er forsøka frå SV-hald på å gjere kampen for "sosial profil" på nedskjæringane til ei merkesak. Dette er i realiteten ei linje for å tilpasse seg nedskjæringane, i staden for å kjempe mot dei.

Ein viktig lekk i denne kampen er å knytte kampen mot nedskjæringane saman med kampen mot rasering av studentøkonomien. Her er det også viktig å bygge alliansar.

Nedskjæringane legg eit objektivt grunnlag for ei svært brei mobilisering i dei fleste lag av studentar og tilsette. NKS vil avvise alle forsøk på å splitte fronten mot nedskjæringane ved å definere x grupper av studentar og tilsette som "for reaksjonære" til å bli med i fronten.

Men uansett mulighetene for svært breie alliansar er det viktig å legge hovudvekta på massemobilisering av studentane. Det er studentane som må gå i spissen for denne kampen.

STUDENTØKONOMIEN

Medan studentøkonomien heldt seg relativt stabil i perioden 1975-78, har kjøpekrafta til studentane vist ein sterkt fallande tendens i åra etterpå. Bakgrunnen for dette er nedskjæringspolitikken til regjeringa. NKS meiner dei viktigaste krava no er:

- auka stipend. Styresmaktene sette ein gong eit mål på 40% stipendmiddel, dvs. at 40% av den samla stønaden skulle gjevast som stipend. I dag er stipendet under det halve. Med den kraftige renteauken siste åra er det viktigare enn nokon gong at målsettinga om 40% stipendandel vert *innfridd*. Vi krev dessutan borte-
buarstipend til alle reelle bortebruarar. Det er og viktig å forsvare grunnstipendet som er det einaste alle får. I 1982 vart det halvert og det er planlagt å fjerne dette heilt i 1983. Ved å fjerne heile det gamle grunnstipendet vil staten tena inn 180 mill. i året.
- lavare lånerente - med målsetjing å føre renta attende til 1978-nivået. Vi er for ei meir sosial tilbakebetalingsordning, men meiner dette er underordna i forhold til kampen for lavare rente og større løyvingar.
- høgare kostnads norm. NKS meiner kostnadsnormen i alle fall må regulerast opp til det faktiske forbruket til studentane. I følge granskningar ligg normen 20% under det faktiske forbruket. Denne auken må først og fremst komma i form av auka stipend.

NKS vil og stø alle andre krav som kan føra til ei verkeleg betring av studentøkonomien. Men NKS er likevel imot å bruka mykje tid og krefter på diskusjonar og utgreiingar om nyfordeling av dei midlane som er avsette, slik den såkalla "UFU-tilrådinga" legg oppå til med framlegget om prosentstipendmodell eller forslaget som ein del SVarar har sett fram om å kutte ut stipanda i studietida " til fordel" for ei sosial tilbakebetalingsprnding.

STUDENTVELFERD.

Velferdspolitikken må trygge lik rett til utdanning

Hovudspørsmålet for oss er at det må sikrast trygge sosial tilhøve for studentane ved lærestadene. Sameleis som staten har ansvar for å byggje ut høgare undervisningstilbod, må staten også sørgje for at studentane har nok bustader, kantiner, helse-sosialtiltak og dagheimar. Innskrenkingar og manglar ved desse tilboda undergrev retten alle skal ha til høgare utdanning utan omsyn til om ein kan

få økonomisk støtte frå foreldre/familie. Det må eksistere godt utbygde tilbod og prisnivået må tilsvare den økonomiske evna studentane har.

I dag organiserer staten desse tilboda i frittståande samskipnader og stiftelsar, og forlangar at studentane med sin sviaktande økonomi skal bera det økonomiske ansvaret for at desse går i forretningsmessig balanse.

Samskipnaden — ein del av den kapitalistiske økonomien.

Samskipnadane og boligstiftelsane fungerer som kapitalistiske bedrifter. Dei er underlagt pris- og avgiftsvingningar i den kapitalistiske økonomien elles. Dei sel og produserer varer og tenester som andre bedrifter, men dei har visse særdrag:

— Dei er einsidig avhengig av ei einskild kundegruppe, studentane, som er ei lite kjøpesterk gruppe.

— Samskipnadane har og som oppgåve å organisera ikkje-forretningsmessige tilbod som helse, sosial, idrett og dagheimar.

— Samskipnadane ligg under staten gjennom ankeretten i styra, og dei er fullstendig økonomisk underlagt staten sin politikk. Staten styrer lån- og stipendpolitikken og avgiftspolitikken. Til dømes er mykje av årsakene til dei enorme prisaukane på studenthyblane dette semesteret at staten har heva husbankrenta.

NKS meiner det er fullstendig uansvarleg av staten å kreve at samskipnadane/stiftelsane skal gå i forretningsmessig balanse uten at prisauke vert kompensert gjennom auke i stipenda. Vi meiner difor at samskipnadane/stiftelsane i staden for å gå til prisauke som studentøkonomien ikkje kan bera, bør halda seg til føremålsparagrafen sin og i staden la vera å betala inn renter og avdrag til så lenge staten ikkje sikrar forsvarleg drift.

— Det kan ikkje godtakast at helsefønesta for tusenvis av menneske i dag vert gjort avhengig av det økonomiske resultatet for kantine-, bokhandels- og bustaddrift. Studentane må vera sikra ei skikkeleg helse/sosialfønesta.

— Semesteravgifta og statstilskotet på post 74 i statsbudsjettet må gå til dette og andre tilbod utanom forretningsdrifta. I dag verkar semesteravgifta som ein ekstraskatt som vert pålagt studentane for å dekkja drift og investeringar i samskipnaden.

— Leigene på hybelhusa er i dag avhengig av den almene økonomiske stoda i samskipnadane. Somme stader er det vorte overført midlar frå bustaddrifta til å dekkja underskot på kantinedrifta. Det er uforsvarleg. Studentane har krav på rimlege bustadtilbod same kor godt eller dårleg kantinegår. Difor må eit eventuelt overskot brukast til å halda hybelleigene nede, og prisnivået må nyttast til stipend.

Aksjonar er naudsynte og forsvarlege

For oss studentar er det fullt ut forsvarleg å gå til økonomiske boikottaksjonar mot samskipnadar/stiftelsar. Det er det einaste verkeleg kraftfulle middelet vi har. Dei er retta mot staten som ved lov er pålagt å sikra bolig- og velferdstilbodet, og vil difor kunne føra til at styresmaktene vert nøydde til å gripa inn.

«Brukarstyringa» — ein bløff

Studentane er representerte i samskipnadane sine styrer og nokre stader har dei fleirtal. Studentrepresentasjonen vert brukt til å skapa illusjonar om at samskipnadane er «brukarstyrte», og det vert brukt til

å pressa studentane inn i ei «arbeidsgjevar»-rolle i høve til dei tilsette. Slik får staten eit godt utgangspunkt for å splitta studentar og tilsette, ved å framstille det som om dei økonomiske krava til studentane truar arbeidsplassane til dei tilsette. NKS er for at studentane tek del i styra i samskipnadane fordi det vil gje dei høve til å stilla fornuftige forslag, anke forslag dei er usamde i og få innsyn i dei økonomiske tilhøva. Men vi vil gå skarpt mot at bedriftsøkonomiske omsyn vert sett framføre omsynet til økonomien og levekåra til studentane. Den såkalla ansvarlege brukarstyringa til dei konservative og Grønt Gras er i røynda berre ansvarleg ovanfor staten sitt krav om at studentane skal sikre økonomien i samskipnaden uansett kva økonomisk evne dei har. NKS vil aldri godta ein slik politikk. Det vil aldri bli styrefleirtal som avgjer om studentane får forsvarlege bolig- og velferdstilbod. Det avgjerande er i kor stor grad studentane er i stand til å presse staten til å gje økonomiske garantiar til velferds- og sosiale tiltak. I styreposisjon vil NKS gå inn for underskotsbudsjett og halda tilbake innbeta-lingar til staten framfor å gå til studentfiendsleg prisauke.

NKS ser det ikkje som noko mål å fjerna studentfleirtalet i samskipnadsstyra i Oslo og Trondheim. Vi går inn for å velja studentrepresentantar som konsekvent støttar studentane sine interesser, sjølv om dette kan føre til at studentane kan bli fråtekne styrefleirtalet.

Diskusjonen for eller mot "brukarstyring" fungerer først og fremst som ei avsporing i kampen mot rasering av studentøkonomien. Det same gjeld diskusjonen om ein skal vere prinsipielt for eller mot studentfleirtal i samskipnadsstyra.

KAMPEN MOT IMPERIALISMEN.

1. Proletarisk internasjonalisme.

Et viktig prinsipp for en kommunistisk organisasjon er solidariteten med de undertrykte folk og nasjoner, støtte til frigjøringskriger mot imperialismen og støtte til den klassekampen arbeiderklassen fører i de kapitalistiske landa.

Vi må også aktivt støtte de landa som har gjort revolusjon, og de sosialistiske statene mot imperialismens forsøk på å gjeninnføre sitt herredømme.

I dagens verden er holdninga til den farligste supermakta, Sovjet, et avgjørende kriterium på om en står for proletarisk internasjonalisme. Dette betyr konkret støtte til folket i Polen og andre land i Øst-Europa som er underlagt Sovjets diktat.

2. Anti-imperialisme mot pro-sovjetisme.

Mens USA herja i Vietnam var den progressive bevegelsen i Norge opptatt med solidaritetsarbeid for FNL og en allsidig avskøring av USA-imperialismen. Mot pasifistiske strømninger som snakka allment "mot våpen for fred" vant SOL KOMS linje fram. Hovedinnholdet i denne linja var at væ. na frigjøringskrig i 3. verden mot imperialismen var rettferdig krig, og den eneste farbare vei for disse landa til uavhengighet. SOL KOMS linje viste seg å vere rett, det var ikke pasifistenes parole om å "legge ned våpnene på begge sider" som førte til nederlag for USA, men vellykka folkekrig leda av FNL.

Skillelinjene i solidaritetsarbeidet i dag følger delvis det samme mønster, men den rene pasifismen er på defensiven pga framgangen for væ. na kamp i 3. verden. Det som imidlertid er det antiimperialistiske arbeidets fremste fiende i dag er pro-sovjetisme ispedd en god porsjon "pasifisme". Etter at Sovjet har overtatt USAs rolle som mest aggressive kolonikriger har det utvikla seg en linje i deler av sosialdemokratiet og SV som anerkjenner Sovjets rett til å "forsvare" seg. I disse kretsene arbeider det delvis aktivt mot aktiv støtte til sosialimperialismens ofre, eller man unnlater å gjøre noe som helst. Mest aktivt

arbeider de mot en "ny kald krig", og propaganderer at støtte til den afghanske geriljaen øker spenninga og krigsfaren, og indirekte vil virke som støtte for USA-imperialismen.

Sovjet står i dag med like mange soldater i land i den tredje verden som USA i sin tid hadde i Indo-Kina. De er der ikke som frigjørere, men som imperialistiske utbyttere. Sovjet sier i klartekst at dersom Polen eller andre land I Øst-Europa ikke følger deres pipe har den "Røde Hæren" rett til å invadere. Ingenting kan få oss til å anerkjenne at Sojet skulle ha "rett" til å invadere eller okkupere "ulydige" land. Vi avviser bestemt påstanden om at Sojets okkupasjon og militære innblanding skulle ha noe med behov for å forsvare seg i en trengt posisjon. I løpet av få år har Sovjet forsert sitt internasjonale engasjement kraftig, ikke som fredsforkjemper, men som imperialistisk supermakt. Sovjets aggressivitet krever et kontant svar fra oss i form av aktiv støtte til de frigjøringsbevegelser som kjemper i Afghanistan, Eritrea, Kampuchea.

3. Afghanistan-solidaritet er godt fredarbeid.

Den viktigste anti-imperialistiske frigjøringskampen i dag pågår i Afghanistan. Geriljaen kjemper for uavhengighet i direkte og blodige slag med sovjetiske tropper. Seier for geriljaen har stor betydning utover at det bringer fred og uavhengighet til det aghanske folket. Dette henger sammen med årsaken til Sojets okkupasjon: skape åpning til for en videre offensiv mot livsnerven til den vest-europeiske industrien og militærmaskina, oljekildene i Midt-Østen. Nederlag for Sovjet betyr et strategisk alvorlig tilbakeslag, det vil forsinke planer om nye framstøt og legge alvorlige hinder i veien for et angrep på Europa.

I den afghanske geriljaens kamp ligger en mulighet til å utsette en storkrig, men det avhenger av den framgangen de måtte ha på slagmarka. Solidarietsarbeid for den afghanske geriljanen har to vesentlige sider. For det første, støtten til et lite folk i den tredje verden som slåss for sin uavhengighet. Støtte til rettferdig krig. For det andre: støtte til geriljaen er et viktigere bidrag til fredsbevegelsen enn mange tonn med resolusjoner, fred og nedrustning. Det er verdt å merke seg at sosialdemokrater

og SV-ledere som står i spissen for ulike fredskampanjer unnlater å nevne den anti-imperialistiske kampen i den tredje verden som en del av fredsbevegelsen. Særlig gjelder dette gerilja retta mot Sovjet.

4. "Henda vekk fra Polen".

Klassekampen i Polen har stått i sentrum for folks oppmerksomhet det siste året. Det polske folket har reist en proteststorm mot det byråkratkapitalistiske vanstyret av landet, og mot sovjetisk diktat av polske anliggender. Dette har fått regimet til å skake i grunnvollene. Den organmæerte arbeiderklassen, gjennom Solidaritet, har blitt en maktfaktor både re gjeringa, partiet og Sovjet må ta hensyn til.

Den polske arbeiderklassen og folket slåss for elementære politiske rettigheter. Det polske kapitalistiske systemet er inne i ei total krise, politisk og økonomisk. Dette har ført til at folket mangler bl.a. mat og livsviktige medisiner. Det polske folkets største problem er det nasjonale, det faktum at landet er underlagt Sovjets diktat. Den polske massebevegelsen har vist et beundringsverdig mot når vi veit at de hele tida har hatt truselen om intervensjon fra Sovjets side over seg dersom de ikke besinner seg og stanser "kontrarevolusjonære handlinger". Sovjetisk, øst-tysk og tjekkisk presse minner stadig om innholdet i Bresjnev-doktrinen: Sovjets "rett" til å gripe inn i de øst-europeiske landas indre anliggender dersom "sosialismen" er trua.

Den endelige løsinga på det "polske problemet" ligger utafor det nåværende systemets grenser: Polen trenger sosialisme og uavhengighet. Sovjet vil motsette seg dette med alle midler. "Vi vil ta en krig i Europa for å forsvare Polen", sier den sovjetiske forsvarssjefen. Vi tror ham. Derfor er brei internasjonal støtte til den polske massebevegelsen av stor betydning.

Sammendrag og konklusjon om prioritering av NKS' anti-imper-

ialistiske arbeid.

1. Prioritering av NKS' anti-imperialistiske arbeid må til enhver tid vurderes i forhold til hva som tjener kampen mot imperialismen best. Hvilke frigjøringsbevegelser/kriger osv. som står i spissen for denne kampen vil avgjøre hvor vi skal sette kampen inn.

2. Sovjet har klart og tydelig demonstrert at de har overtatt som den mest aggressive supermakta, gjennom bl.a. politikken overfor Polen og okkupasjonen av Afghanistan. I Afghanistan har Sovjet rundt hundre tusen soldater. I Etiopia og Vjetnam utgjør Sojets militærmateriell tusenvis av rådgivere, cubanske leiesoldater osv ryggraden i disse statenes aggresjonskrig og okkupasjon av naboland.

USA-imperialismen er, på tross av Reagan-administrasjonens mer aggressive holdninger til internasjonale konflikter, ikke på samme måte engasjert i kriger utenlands. USAs hjelp og støtte til El Salvador fordømmer vi og vi støtter fullt ut geriljaen i landet.

Men alt i alt er det ingen tvil om at NKS framover må prioritere solidaritetsarbeidet med den afghanske geriljaen. Solidaritetsarbeidet må ikke innsnevres til bare innsamling av penger osv., men må gi folk informasjon om Sovjets forbrytelser i Afghanistan, om geriljaens stilling, mål osv.

3. Ved siden av Afghanistan-solidaritet bør NKS drive støttearbeid for klassekampen i Polen. Det siste årets hendelser er en av de største klassekampene i et kapitalistisk land i Europa siden krigen. Situasjonen er spesiell fordi det som skjer direkte truer Sovjets imperialistiske interesser, og derfor fort kan føre til at Sovjet griper militært inn.

TIL REVIDERINGA AV DEI ØVRIGE DELANE AV HANDLINGSPROGRAMMET.

Sentralstyret har prioritert endringar i det første kapitlet av handlingsprogrammet. Alle bør skaffe seg handlingsprogrammet som vart vedtatt på førre landsmøte slik at dei kan få eit klart samanlikningsgrunnlag når dette skal behandlast i laga.

Utanom endringane i kapitlet om "Utdannings- og forskningspolitikk" og det nyskrevne avsnittet om imperialisme og internasjonalt arbeid, er det vårt syn at det trengs mindre omfattande endringar. Det er stort sett snakk om omredigeringar, nedkortingar og å kutte ut enkelte avsnitt som no er forelda (t.d. avsnittet om Alta-elva).

SENTRALSTYRETS ARBEIDSUTVAL.

